

Torborg Nedreaas-selskapet
Nyhetsbrev

2/24



SIDEN SIST

Litt på etterskudd kommer det et nytt nyhetsbrev fra oss i Torborg Nedreaas-selskapet. Det er en glede å være en del av et selskap som er viet til forfatter som er så i vinderen som Nedreaas. Hun når stadig ut til flere lesere, og selv det er snart førti år siden hun gikk bort og enda lenger siden hun skrev sine viktigste bøker, er det tydelig at Nedreaas fremdeles berører oss, hun har fremdeles noe å fortelle oss.

For både selskapets del og for Nedreaas har det skjedd en hel del siden sist nyhetsbrev. La oss holde oss til det viktigste. I mars kom boken *Jeg skal ha revansje og andre noveller* ut, en samling av seksten av Nedreaas beste noveller. Kulturredaktør i Morgenbladet, Bernhard Ellefsen, har skrevet forordet til boken, hvor han spesielt trakk frem Nedreaas evne til å gi oss et mer nyansert blikk på okkupasjonstiden. Nedreaas var gjennom hele sitt forfatterskap opptatt av å unngå forenklinger, i skjønnlitteraturen søkte hun seg mot gråsonene.

Ikke overraskende, tenker vi, ble boken møtt med flere strålende kritikker. Torborg Nedreaas fortsetter å fascinere en ny generasjon med lesere og kritikere som kanskje ikke tidligere har vært kjent med henne. Det er ikke mange norske forfattere fra det midten av det forrige århundret som fremdeles når nye lesere i dag. Også selskapet

fortsetter å vokse, og nærmer oss medlem nr. 1000 (noe vi selvsagt skal markere!).

I mars var det også premiere på forestillingen *Av måneskinn gror det ingenting* på Den Nationale Scene, og for en suksesshistorie stykket ble. Stykket, som var regissert av Miriam Prestøy Lie, spilte for fulle saler gjennom våren og DNS har satt opp stykket på nytt i november. Dersom du ikke har skaffet seg billett enda, er dessverre også disse forestillingene allerede utsolgt. (Men kanskje er det lov å håpe på enda flere ektraforestillinger?)

Stykket ble møtt med strålende anmeldelser både i BA, BT og i Vagant. Ida Klem ble også nominert til en Hedda-pris for sin rolle i stykket.

Det er vind i Nedreaas-seilene om dagen, og vi i selskapets ledelse gjør det vi kan for å fortsette å formidle hennes forfatterskap. Både i vår og i høst har vi hatt pop-up Nedreaas-utstillinger, i vår i Steinkjellergaten og i høst Garderobehuset på Møhlenpris. Vi har også invitert flere musikkere innom utstillingen vår, blant annet Embla Karidotter, Ola Amund Gjersvik, Mads Berven, Gabriel Fliflet, GURG og duen Alberg og Elise. Dette har vært en mulighet for oss til å treffe Nedreaaslesere, rekruttere nye medlemmer og selge Nedreaas bøker. Utstillingen på Møhlenpris står fremdeles, det er mulig å besøke den om søndagene mellom kl. 14 og

16 samt på Bergen historiske festival siste helgen i oktober.

Vi deltok også på Bergen Kulturnatt 13. september. Dette er et årlig arrangement hvor hele Bergen fylles av kultur, museene har langåpent og gatene fylles av musikk og skuespill. Her hadde vi ikke bare med oss utstillingen om Nedreaas liv og virke, vi hadde med oss skuespiller Reny Gaassand Folgerø som leste utdrag fra Nedreaas sine noveller på den gamle gule trikken, som nå kan kjøre hele veien fra Møhlenpris til Engen.

Lederen i selskapet vårt, Grethe Fatima Syéd, har også holdt flere Nedreaas-foredrag rundt om i landet for fulle saler. Blant annet under Kapittel-festivalen i Stavanger, for Asker leseforening og senest på biblioteket på Nesttun.

I forrige nyhetsbrev meldte vi om at det da så ut som om *Av måneskinn* «vil komme på tysk, nederlandsk, engelsk og italiensk» i tillegg til den svenske og danske som var underveis. Nå kan vi bekrefte og utvide: Det ser i skrivende stund ut som den også vil komme ut i Nederland, Italia, Portugal, Brasil, Polen, Ungarn og Østerrike. Da den danske oversettelsen kom ut i sommer, oversatt av Lotte Kirkeby Hansen (som nå er i gang med Herdis-trilogien) og med et entusiastisk forord av Dorte Nors, fikk den ganske snart strålende anmeldelser, både i Politiken og Kristeligt dagblad. Politikens anmelder skrev blant annet at boken var: *Den smukkeste arbejderklasselitteratur, jeg længe har læst. Grueligt aktuell, blodig og vanvittig.*

Det spanske forlaget Errata Naturae Editores som både har gitt ut *Av måneskinn* og

TORBORG

ta trikken med

Gratis billetter på ticketto.

NEDREAAS

For utdrag fra Nedreaas' noveller fremført av skuespiller Reny Marie Gaassand Folgerø
PS. Få også med deg utstillingen på Historietorget, i Garderobehuset på Møhlenpris!

BERGEN KULTURNATT 13 SEPTEMBER

fra : teaterparken kl. 20:00 kl. 21:00

fra : bergen tekniske museum kl. 19:30 kl. 20:30

Reklame for Torborg Nedreaas på Bergen Kulturnatt. Laget av Hermine F. Aabrek

Musikk fra en blå brønn har også vist interesse for Nedreaas' noveller. I internasjonal sammenheng er det mange som trekker tråder mellom Nedreaas og Tove Ditlevsen, det er ikke dumt, selv om vi selvsagt synes hun står støtt på egne bein.

Bergen kommune er straks klare til å avsløre hvem det er som får lage Nedreaas-skulpturen i Nygårdsparken. Følg med på våre facebooksider for mer info.



Fra forestillingen *Av måneskinn gror det ingenting* på DNS.

MIN NEDREAAS

I hver utgave av nyhetsbrevet spør vi en litterat om å skrive om sitt forhold til Nedreaas i spalten «Min Nedreaas». Denne gangen har turen kommet til Eli Fossdal Vaage.

Eli Fossdal Vaage er poet og forfatter. Hun er opprinnelig fra Stord, men har lenge vært bosatt i Bergen. Hennes siste bok er novellesamlingen Grå Hoppe fra 2019.

Omsorgssvikt går aldri av moten

Eit flyktig møte med Torborg Nedreaas sine noveller gåande i motvind med ei barnevogn lappa av gaffateip i det evig skiftande lyset og regnet over Nordnes

Eg er i mammaperm. For andre gong i livet, for første gong på tretten år. Jobben min, oppgåva mi, er denne: Å halde liv i dette vesle mennesket. Å halde liv i meg sjølv, så eg kan syte for han, barnet mitt. Å halde, tett, tett inntil; å halde om eit lite liv, halde liv i. Alt i mine hender, på mine skuldrar, alt opp til meg. Korleis var det igjen? Han var her ikkje, fanst ikkje, var ingen stad å sjå, om då ikkje svevande ikring der ute i universet ein stad, eit lite tankefrø, noko ufatteleg, heilt ute av vår verd. Så prata far hans og eg ein kveld om at eit barn kanskje var ein fin ting - og vipps, her er han, sonen min. Blid som ei lerce eller rasande som den

raude sola sjølv, alt etter som - ja, etter som kva då? Om han er mett, svolten, redd, trygg. Om han får oppfylt den brennande viljen sin eller ei. Om vi møter han, ser han, gir det han ønskjer eller treng og forhåpentlegvis, iallfall for det meste, ser skilnaden mellom dei to. Og eg går, det er det alt dette tyder i praksis, i sol og i regn går eg (mest regn, sjølvsagt, og vind, alltid ein stri nordleg blæst over Nordnes). Stundom stansar eg, men då må det gå kjapt, kva det enn er eg skal, for om eg står stille eit minutt for lenge merkar han det og vaknar, denne herlege, vesle demonen med ein engels uskuldige smil. Då skiftar den opne, bablane munnen med fire uforholdsmessig svære og skarpe tenner på ein femøring, like raskt som vinden og regnet og lyset her ute heile tida endrar seg, vrir andletet hans seg frå å romme den mest smittande glede eller fredelegaste djupaste søvn til all verdas vreide før eg har nådd å gjere noko som helst.

Eg er i mammaperm: Medan eg aktivt unngår nyheitene i eit slags forsøk på å stengje verda ute, lét ikkje bøkene eg likevel i korte, stolne augneblinkar slepper inn meg i fred, nyopen og forsvarslaus som eg er. «Nei», seier eg derfor strengt til den tilsynelatande evige mengda utsette barn i alle aldrar som den nådelause samtida serverer meg via kanyle direkte inn i morshjarta: «Nei!» For eg har ikkje kapasitet, det må då alle

forstå, her finst ingen ledig plass. Og eg freistar gjere meg hard, like hard som realitetane, men skjønar med det same at det sjølv sagt er håplaust, for mammakroppen er så mjuk og omfamnande, klart han ikkje samarbeidar, så dum eg er, som trudde det gjekk an. Og slik er det, på ein forblåst benk ytst i Nordnesparken, medan den demoniske vesle engelen eg er underlagt søv sin skjønnaste, sjeldnaste søvn, at vesle Ellen kjem susande på kjelken sin, med kurs direkte mot meg.

Den som har lese, veit nemleg at denne viljesterke jentungen ikkje tar nei for eit nei! Frå boksidene som eg først les i ein slags sløv, komatøs tilstand der alt gudskjelov kan haldast på ein viss avstand, liksom renn eller flyt ho ut av arka og treffer meg i magen eller brystet eller ryggmarken. Eg veit strengt tatt ikkje kvar det er ho sit seg, Ellen, kan hende er det i armane eller hendene mine, for eg skulle gjerne tatt om henne og halde henne fast, men dessverre er ikkje det mogleg, ettersom ho ikkje finst, men like fullt, altså, på nært magisk vis har ho brått og umerleleg vridt seg ut av boka, vorte levande og sprunge like inn i meg. «Kva gjer du her», kviskrar eg strengt, vel vitande om at eg ikkje kan redde henne frå den dumme lagnaden, eg heller. Like lite som Torborg Nedreaas sjølv kunne, eller ville, ettersom ho på både omsorgsfullt og kalkulerande vis ville visa oss noko med den jentungen, så-

pass er sikkert. For akkurat som med morsgjerninga, er det noko pedagogisk herdande over Nedreaas, noko oppdragande, men brutalt, ho sjekkar kva vi skjønar og tålar og så pressar ho til, vrir kniven akkurat litt lenger ned akkurat der det svir. Som i biletet av eit tynnkledd forsømd barn mellom to vaksne på ein kjelke i eit okkupert land: Ser vi det? Ser vi det no?

Slik ber eg henne med meg gjennom sommaren, for nei et mitt nyttar ikkje mot dette ukuelege barnet, der ho sit med blafrande skjortekantar og nakent underliv og kvin av glede mellom to tyske soldatar. I eit klokkeklårt bilete som på forunderleg vis festar seg i denne utflytande materien av ein mors-hjerne eg òg ber omkring på, like tydeleg som om det var verkeleg, ja, slik sett meir verkeleg enn mykje av den omtåka, fuktige Bergenssommaren som blafrar forbi meg medan eg går og går og liksom aldri kjem lenger fram enn neste benk, der eg, om eg er heldig, rekk å lese endå eit avsnitt, kanskje endåtil ei heil novelle, som eg glupsk hiv i meg, fort, utan å tenkje for mykje. For Nedreaas har denne pussige blandinga av høgt og lågt, enkelt og komplisert som gjer det ho skriv *slukbart*, slår det meg (og misforstå meg rett, som ein utprega rastlaus lesar er det eit heidersmerke av ypparste sort!) og gjer at delar av meg berre vil suse vidare, bla fort om, avdekke korleis det går.

Eller sjå Ellen vel avgårde utfor stupet, som det vil seie, akkurat i denne settinga.

Kan hende er det òg tragediens rå krefter som her verkar, for at det går gale til slutt, herskar ingen tvil om. Og likevel: Fiksjonen greier på det jamne ikkje konkurrere med verda som leverandør av elendigheit, og dessverre for alle hudlause, lesande mødrer og andre gjeld det menneskeleg lidning i aller høgste grad. Så kvifor hender det så ofte at litteraturen vert skulda for å vere urealistisk når han skildrar litt heilt daglegdags menneskeleg vondskap og gru? Uansett er det bileta som står att, og dei står der stødige, i si eiga, ikkje-forklarande kraft: Kva glør du på? Seier dei, og viftar oss bort som ei gruppe skodelystne i ein upassande situasjon. Det lever noko eigenrådig i det trasige, sktine, über-realistiske menneskelandskapet somme av Nedreaas sine noveller baksar omkring i. Opprørsk og kompromisslaust som eit vanskjøtta barn set det utfordrande augo i oss, og straks må eg må senka blikket og fort rette det ein annan stad enn mot Ellen si nakne skam mellom tyskarane på akebrettet. For er det ikkje meg sjølv og det store vi, samfunnet som heilskap, eg skimtar der i spegelen. Og er det ikkje typisk, i staden for å redde barnet, vert vi ståande og sjå på kor gale det kan gå, med nærast eit blaff av skadefro glede, for heldigvis er det ikkje oss eller ein av våre, men ein stakkar, utsett offerkalv - og ei mild uvilje vellar opp

i oss, for det er jo aldri særleg behageleg, er det, når ein skarp obeservatør av menneska rettar lupa mot oss og viser oss kva vi er villige til å ofre for å redde vårt eige skinn.

I bakgrunnen flimrar Nordnesparken og i forgrunnen held eg opp den raude boka med novellene som har fått æra av å introdusere meg for lesing på ny, kjennes det som, på denne sida av den avgrunnen eller lange reisa ein fødsel kan vere. Eg har det ikkje travelt med å komme til slutten når det gjeld Ellen og dette biletet av henne som altså står slik og brenn i meg. Tellefsen, «vår mann på staden» i novella, fungerande avløyser på post som vakseninstans, om ein vil, står som hjelpelaus tilskodar og observatør i eit taust samfunnsmessig forbund med alle gode krefter og berre observerer dette bryssomme barnet si ferd mot undergangen, ute av stand til å gripa inn, slik vi jo er, alle saman, her utanfor bøkene si verd òg. For kvar bortsett frå rett i gapet til ulukka skulle ho eigentleg tatt vegen, vår vesle, glade Ellen; søstera har jo alt vist veg, og kven skulle eigentleg stansa dei? Og er det då ikkje i det minste ei mager trøyst at ho på veg ned utforbakken i det minste kjenner ei viss glede, i det ho med dei to potensielle overgriparane sin gunst retta utelukkande mot seg og seg åleine, oppnår det utsette barnet si mest direkte erstatning for den rette forma for vaksenkontakt? Om ho sjølv forstod kvar det bar, ville det vel ikkje vera til å bera.

Kanskje er det forresten ikkje det, uansett. Men som i livet har vi ikkje noko val, og så berre tar vi det tilhøva kastar etter oss, gir det livet krevjer, usikre på om vi maktar eller ei, og kva for ei rolle spelar det, likevel.

For kanskje er det berre slik som dette: Eg er i mammaperm, altså har eg hjarta hengande på utsida av kroppen som eit stykke rått kjøt der det ustanselig trekkjer til seg støv, rusk og står i fare for å komme i det som verre er, spisse gjenstandar, krig, konflikt; all verdas grufulle realitetar. Ein kan sjølv sagt ha som overtyding at litteraturen av ein eller anna grunn skal heve seg høgt over det mundane livet i all si skitne utfalding, men isåfall bør ein kanskje argumentere for kvifor, snarare enn kvifor ikkje - især i ei tid der alt igjen i større grad enn på mange år verkar gjennomsyra av politikk.

Eg har fått eit lite menneske å passe på, å sjå opp for. Det følgjer ei eiga form for kjærleik med jobben som mor, ein må vere listig, heile vegen sjå barnet og omgjevadane an: Tåler han dette, kva er læringa om han no går på trynet, når er det meininga at eg skal gripe inn? Mor set seg sjølv mellom barnet og verda. Samtidig er målet heile tida døden, ikkje før den dagen mor er vekke, vil mors kjærleiken stå sin prøve; har ho gjort slik at barnet kan greie seg åleine, klare seg utan henne, for berre då er jobben endeleg gjort. Og det er ei mangetydig verksemd,

akkurat som resten av livet, for ikkje å gløyma litteraturen, som for øvrig deler mange likskapstrekk med nettopp det moderlege. Så kvifor denne pussige førestellinga om lågare litterær kvalitet, om ein no skulle drista seg til å skriva noko som kan tolkast direkte inn i eit politisk program? Som om ikkje fleire ting kan eksistere i det same, side om side, vise seg i slående, enkle bileter, for komplekse til å bli forklart som noko anna enn nettopp seg sjølv.

Eg er svolten, eg kjenner det no, har gått omkring for lenge, og så lese, ikkje ete, at eg aldri skal lære; ein må jo først passe på seg sjølv, skal det vere noko att å dele ut til andre. Det har vorte opplett, i vogna, i parken, i hjarta skin sol, den usynlege glorien over den vesle sonen med det dunete hovudet, så lys han er. Eit elska barn, og ikkje minst, elska av nokon som maktar å transformere elsken sin om til praktisk omsorg. Han søv tyngre enn vanleg. Eg reiser meg frå benken, så sit eg meg ned att, dreg kåpa tettare omkring kroppen, finn fram boka, blar opp til Ellen, som sit der og ventar, på at nokon, nær sagt kven som helst, skal komme forbi og ta henne med seg, plukke henne opp. For den som alt har lite, anar ikkje at det går an å forlange meir; at det faktisk finst kjærleik, i like stor grad som vondskap, men at den fordeler seg minst like tilfeldig, og forplantar seg like vilkårleg og skjebnesvangert, dessverre, får vi vel slå

fast. Frå vogna byrjar sonen min å klynke. Eg reiser meg frå benken, lukkar boka. Eg frys.

Ok, så har Torborg Nedreaas sine noveller agenda så det held. Og så? For litt lenger bak teksten står ulike blad Tellefsen og smiler, halvt bortvendt, og endå lenger bak, ikkje synleg med det blotte auget skimtast Nedreaas sjølv med ein katt i fanget, og det mørknar litt omkring henne etterkvart som sidene trer fram, konturane av henne svinn gradvis hen etterkvart som handlinga og figurane strammar seg til, og grep om henne får vi uansett ikkje, der ho mellom nesten poetiske naturskildringar og oppteikningar av menneske som er offer for dei same rå kreftene som menneska alltid er offer for nesten heilt lukkast i å gøyme seg sjølv vekk, men likevel kjem til syne « i sau-manen», så og seie, som i Tellefsen, Ellen sin potensielle frelsar, han som ber både frykta og håpet og avskya for oss og så likevel endar med å berre tusle heim til seg og sitt. Ei kynisk omsorgsevne eg kjenner att frå mød-reverksemda eg driv med, det er ein kalkulerande type kjærleik som representerer nett-opp det overoppsynet Ellen så tydeleg manglar, som Tellefsen står for, i form av hans moderlege magekjensle, men så orkar han likevel ikkje ta det, ansvaret, og korleis kunne han vel eigentleg det.

Og endå så hardbarka eg trur eg har blitt, så utlest eg iblant føler meg, finst det opningar der slike som Ellen kan krype inn, kanskje midt på natta, iallfall altfor seint til at ei skulle vere ute åleine på denne tida, utan tjukke sokkar eller undertøy til å verna seg mot kulda eller vaksne menn. Medan eg vandrar vidare med denne sonen som eg voktar over, som har sendt meg ut på ein evig spasertur i motvind og regn med hendene stramt knytt omkring ei gaffateipa vogn me fekk gratis på Finn.no, ser eg henne for meg der på kjelken mellom tyskarane, og det knyt seg i magen på meg, eg kjenner det i kroppen, for det er slik det er med litteraturen, den ekte litteraturen, han er ikkje perfekt, han er ikkje blotta for verken vilje eller politisk program, ikkje nødvendigvis, og kva rolle spelar det, for kanskje, tenkjer eg, gjer litteraturen seg gjeldande i effekten, i korleis han verkar, og Ellen anar sjølvsagt ingenting om det, den dumme jentungen, kva veit vel ho om det eller noko anna, der ho susar lukkeleg avgårde i ein lukkeleg augneblink på veg inn i avgrunnen utan verken sokkar eller undertøy på?

NEDREAAS-KALENDEREN

26. oktober: Ragnhild Ystad Hagen holder foredraget «Torborg Nedreaas – et kvinneblikk på verden» som en del av Bergen

historiske festival. Hele programmet for festivalen kan sees her:

<https://bergenhistoriskefestival.no/>

13. november: På Torborg Nedreaas-dagen markerer vi i år Nedreaas' internasjonale gjennombrudd. Det blir dessuten lett servering, levende musikk og fest!

Med budrunder i flere land inntok Torborg Nedreaas i vinter verden: I alt elleve forlag kjøpte rettighetene til å utgi hennes verk. Det er derfor ikke rart at den tradisjonelle Nedreaas-dagen i år blir viet oversettelse og hvordan tekster reiser på tvers av landegrenser, språk og kulturer. Til å diskutere dette har vi invitert et panel bestående av Anna Bohlin, professor i litteratur ved Universitetet i Bergen og Lotte Kirkeby Hansen, Nedreaas' danske oversetter.

Tidligere Nedreaas-stipendmottakere kommer, det blir spesialskrevet Nedreaas-musikk med trioen Gymnos (for anledningen utvidet med Ingvill Skjold-Thorkildsen), en orientering om statuen som er på vei i Bergen og lansering av Willy Dahls bok om Nedreaas' krigs noveller.

Dessuten blir det lett servering og fest!

KOLLEGASELSKAP

I hver utgave av nyhetsbrevet inviterer vi et annet litteraturselskap til å skrive kort om seg selv. Vi håper dette kan være til glede og inspirasjon for våre medlemmer. I dag er turen kommet til Diktarheimen Midtbø. Teksten er skrevet av Hilde Vesaas, barnebarnet til Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas.

Våren 1934 flytte dei nygifte Halldis Moren og Tarjei Vesaas inn på garden Midtbø i Ytre Vinje i Vest-Telemark. Tarjei kjøpte Midtbø av onkelen sin, kunstnaren Øystein Vesaas, etter å ha sagt frå seg odelen på den garden han kom frå, Vesås, litt lenger opp i bygda. Tarjei måtte skrive!

Fram til Tarjei Vesaas døydde i 1970, levde forfattarparet saman på Midtbø. Her skapte dei tekstar i alle sjangrar og gjorde anna litterært arbeid som har sett varige spor både i inn- og utland. Midtbø er blitt kalla «*et europeisk kulturhus midt i Bygde-Norge*». Tarjeis bøker har nådd vidt ut i verda, han er omsett til 36 språk og blir stadig omsett på nytt, no om dagen til tysk og dansk. Då Jon Fosse vann Nobelprisen i 2023 som den første nynorsk-forfattaren, nemnde både vinnaren og fleire andre ein annan nynorskforfattar som hadde vore svært nær ved å vinne prisen mange år tidlegare,

nemleg Tarjei Vesaas.

Halldis var og er ein særst populær og høgt skatta lyrikar, dikta hennar er framleis mykje i bruk i mange samanhengar. Diktet «Tung tids tale», som vart skriven under den andre verdskrigen, vart lese ved fleire høve etter 22. juli-terroren. «Ord over grind» er kåra til Noregs beste kjærleiksdikt.

Sommaren 2016 opna familien Vesaas Midtbø for publikum med daglege (seks dagar i veka) omvisingar seks til sju veker kvar sommar. Vi viser fram tunet og nokre av romma i Våningshuset. «Storstoga» og skriveromma er omtrent slik dei var då forfattarane budde der. Tarjei hadde eit nokså trangt og mørkt skriverom i andre høgda nesten frå byrjinga av samlivet deira. Halldis bruka å seie at ektemannen sat der som «ein makk i ein ost». Sjølv sat ho og skreiv på kjøkenet eller der det passa oppe i det andre husmørarbeidet, men etter ei større ombygging i 1955 fekk ho eit stort og lyst skriverom med utsikt til Vinjevatn og åsane rundt.

I båd romma er det installert avspelarar slik at dei besøkande kan lytte til dikt lese av «diktarapparatet», som sonen Olav Vesaas kalla foreldra sine då han var liten gut.

Dei sju åra vi i familien Vesaas har halde Diktarheimen ope har det vore mange innom, folk som ytrar stor glede over å sjå

staden der desse to forfattarane levde og verka. Ikkje berre nordmenn kjem innom, i år har vi mellom anna hatt gjester frå Tyskland, Frankrike og Mexico på besøk.

Diktarheimen Midtbø vil halde fram med å vere open om sommaren, venteleg i samarbeid med Vinjesenteret. Vinjesenteret (administrert av Nynorsk kultursentrum) er eit nasjonalt senter for dikting og journalistikk med utgangspunkt i journalisten og diktarane, Aasmund Olavsson Vinje og diktarane Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas. Kvar september arrangerer Vinjesenteret Litteraturdagane i Vinje, ein større litteraturfestival.

For meir informasjon:

www.diktarheimen-midtbø.no

NETTBUTIKK

Vi har Nedreaas-effekter til salgs. Vi selger blant annet praktiske tøynett med selskapets logo på til kr 100. Til samme pris er det også mulig å kjøpe seg et kaffekrus med samme motiv. Vi har også bokmerker med Nedreaas-sitater til salgs.

Det er også mulig å bestille klassesett av Nedreaasbøker via selskapet. Klassesett av *Av måneskinn gror det ingenting* koster kr. 2.000,- pluss porto for 30 eksemplarer. Hvis

du og din skole er interesserte, kontakt oss på nettbutikk.torborgnedreaas@gmail.com. I tillegg selger vi fortsatt Herdis-trilogien, som er *Trylleglasset*, *Musikk fra en blå brønn* og *Ved neste nymåne*, i en hendig paperbackutgave med etterord av Grethe Fatima Syéd. Et klassesett med 30 eksemplarer av Herdis-trilogien koster kr. 6.000,-

VISSTE DU AT?

Visste du at den kommende engelske utgaven av *Av måneskinn gror det ingenting* har fått omslag? Boken blir seende slik ut:

